



Gripsgård Bygg AS
Heiane 30
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1179 - 14/4398

Saksbehandlar:
Robert Mjøs
robert.mjøs@radoy.kommune.no

Dato:
29.04.2014

Oppmåling GBnr. 45/426 Manger - Selfallet - reseksjonering

Radøy kommune ved eininga Teknisk forvaltning har motteke Dykkar søknad.

Saka er handsama etter lov om eigarseksjonar Kap. 2.

Med heimel i Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltning (gebyrregulativet) vedteke av kommunestyret 05.12.13, gjeldande frå 01.01.14, vert det følgjande gebyr i saka:

| KODE | GEBYRTEKST | BELØP |
|--------|---|-----------------|
| 14.1.2 | Sak som ikkje krev synfaring -3 rettsgebyr x kr. 860,-. | 2 580,00 |
| | Tinglysingsgebyr | 525,00 |
| | SUM | 3 105,00 |

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato. Når gebyr er betalt vert saka handsama.

Klage:

«Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Kommunal klagenemnd er klageinstans. Klage skal vere grunngjeven». Jf Gebyrregulativet pkt 4.13.

Delegasjonssak nr.: 102/2014

Me viser til dykkar begjæring om reseksjonering, motteken 129.04.2014 og vedlagt:

1. Teikningar
2. Tituasjonsplan
3. Panthavars samtykke Sparebanken Vest 10.04.2014
4. Panthavars samtykke DNB Bank ASA 10.04.2014.
5. Fullmakt frå Jon Båtnes og Arild Tangedal til Adv. Dag O. Hustvedt.

Saksutgreiing :

Reseksjonering som om søkt medfører bytting av tidlegare sekjons nr . på teikningar og situasjonsplan.

(Dei tinglyste skøytene av 11.07.2012 og 20.08.2012 vil etter reseksjonering vera i samsvar med eigarane sit ynskje.)

Vedtak

Det vert gjeve løyve til reseksjonering som omsøkt.
Vedtaket har heimel i lov om seksjonering § 13.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt oppmålingsingeniør Robert Mjøs.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Robert Mjøs
oppmålingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Gripsgård Bygg AS

Advokatfirmaet Hustvedt & co

Heiane 30

Postboks 127,
Ulset

5918

5873

FREKHAUG

BERGEN